



Dei nye bølgebrytarane, som i går ettermiddag låg klare utanfor dei gamle og skadde, skal monterast frå måndag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Natt til måndag kom dei nye bølgebrytarane til båthamna i Uskedalen og tirsdag morgon startar monteringa av dei utanfor den nye piren. Dermed kan dei mindre og svakare bølgebrytarane som vart skadde under storstormen i januar endeleg få avløyning.

Båtlagsleiar Harald Erdal opplyser til uskedalen.no at det er Ørsta Marina som står for leveransen, men dei nye bølgebrytarane er støypt i Mo i Rana og det var derifrå dei kom no. Ørsta-firmaet stiller også opp med montørar og dermed trengst det ikkje nokon dugnadsinnsats i denne avsluttande runden av reparasjonen etter stormen. Montørane kjem måndag kveld etter ein jobb i Stavanger.



Harald Erdal er letta over at stormskadene snart er ein saga blott. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei nye bølgebrytarane, fire i talet, er både breiare, djupare og lengre enn dei gamle. Dei "strategiske måla" er henholdsvis 3,5 meter, halvannan meter og 15 meter og dei nye elementa vil truleg stå for ein støyt sjølv om det skulle bli orkan i kasta i Uskedalen ein gong til.

- Men kva så med dei tre gamle "klossane", Erdal?

- Dei sel vi til høgstbydande, men ikkje for under 100.000 kroner. Vi har til no ein interessent til ein av dei, men vil gå ut med annonser. Dette må vera eit rimeleg kjøp, for her vil ein kunne få ferdig kai for 35.000 kroner!

Erdal opplyser ellers at den samla summen for opprusting av anlegget etter stormen vil ligge på nesten halvannan million. Den leveransen som no skjer kostar 1,4 millionar åleine og så kjem dei nye uteliggjarane som allereie er montert i tillegg med 70.000-80.000.

Finansieringa skjer mellom anna ved ei utbetaling frå forsikringselskapet på 850.000 medan resten må lånast. Og ettersom årsmøtet i båtlaget gav leiinga ei låneramme på inntil 800.000, vil ein hamna godt innanfor, påpeiker Erdal.

Han har hatt ei langvarig og slitsam økt med å rydde opp etter stormen.

Av Ola Matti Mathisen